

TIL KULTURDEPARTEMENTET

Høyring: framlegg til endring i lov om stadnamn 18. mai 1990, oppfølging av Stortingets Innst. S. nr. 124 (2008–2009).

Norsk namnelag er ein samskipnad av namneinteresserte frå heile landet. Her finst både fagfolk og folk med særskild interesse for kultur, mål og tradisjon. Sidan 1984 har Norsk namnelag gjeve ut det einaste faglege tidsskriftet for namnegransking i Noreg, Namn og nemne, og meldingsbladet Nytt om namn to gonger i året. Medlemstalet er framimot 400.

Norsk namnelag vil få takke Kulturdepartementet (KUD) for ei grundig handsaming av lov om stadnamn.

I høyringsframlegget går KUD inn for å skilje ut bruksnamn som ein eigen juridisk kategori og gje grunneigar eller festar det avgjerande ordet. **Norsk namnelag vil gå mot å handsome bruksnamna som ein eigen juridisk kategori unnateken frå offentleg normering.**

Stadnamn kan seiast å vera små tekstbitar eller kikhøle som fortel om daglegliv og tenkjemåte i eldre tid. Mange av desse namna er munnlege overleveringar gjennom fleire hundre år. Svært ofte går dei munnlege formene attende på namnets ordhistoriske opphav i motsetnad til skriftformer frå dansketida. Det er òg grunnen til at ein bør ta utgangspunkt i den nedervde uttala ved normering av stadnamn. I dag vert den nedervde uttala gradvis bytte ut med ein uttale som ligg nær skriftforma.

Vi er samde i at meiningsinnhaldet i stadnamna er viktige ut frå eit kulturvernomsyn, men å sei at "Det er den språklege tydinga av namnet som fyrst og fremst har kulturminneverdi" (side 12) er ikkje rett. Det som fyrst og fremst har kulturminneverdi er den nedervde uttala. I praksis vil det sei den skriftforma som ligg nærast nedervd uttale.

Det er eit funksjonelt og juridisk skilje mellom gardsnamn (her medrekna bruksnamn) som til dømes Venjar og etternamn som Wenger. Gardsnamna er offentlege stadnamn med røter langt attende i tid, medan etternamna er frå langt nyare tid og vart fyrst påbode so seint som i 1923. Etternamna er ofte mistyde skriftformer av gardsnamn med ein ortografi som ikkje er i tråd

med dagens rettskriving. Om lovendringsframlegget går gjennom vil ei form som Wenger verta tillaten. Det er grunn til å tru at mange grunneigarar vil profilere eige etternamn eller ei skriftform dei kan dokumentere. Vi meiner at dette vil føre til ei svekking av stadnamna som kulturminne (jamfør kva som er nemnt ovanfor om nedervd uttale og etymologi) og dermed òg ei utholing av lov om stadnamn.

KUD argumenterer for at det er rett og rimeleg å gje grunneigarane råderett over eige namn (til dømes side 25). Vi i Norsk namnelag er heilt ueinige i dette synet på råderett. Sjølv om grunneigaren har råderett over egedomen, eig han ikkje eit nedervd bruksnamn. Gardsnamna og med dei bruksnamna er ein del av vår felles kulturarv, der Kartverket bør ha det avgjerande ordet.

Ut i frå eit fellesskapsperspektiv er det ikkje, og det har heller aldri vore, grunneigaren sjølv som har nytta namnet på eigen gard mest. Det er derimot folk på grannegardane og i bygda elles som nyttar namnet mest. Det bør difor vera innlysande at nedervde bruksnamn er noko som tilhøyrrer både deg og meg.

KUD skriv på side 26 at dei ikkje ser nokon grunn til å stille for strenge krav til dokumentasjon av skriftformer som tidlegare har vore nytta som offentlege bruksnamn. Her skal til dømes eit skøyte gjelde som dokumentasjon. Vi ser med uro på ein praksis som kan føre til at bruksnamn stadig vert bytte ut. Det er grunn til å peike på at det ofte har vore svært mange skriftformer av eitt og same namn i bruk, og at ein sjeldan kan tale om ei nedervd skriftform der berre éi form har vore nytta.

Kommentarar til lovendringsframlegga

- I § 1 vil KUD byte ut ordet tenleg med "som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet". Vi går i mot ei endring av paragrafen avdi dette er ei for snever avgrensing av kva eit nedervd stadnamn er.
- Namnelaget er samd i endring av § 2, bokstav a), c), e) og tillegg av g). Sameleis støttar vi endring av paragraf 3, 4, 5 og 10.
- Vi går i mot ei endring av paragraf 6.
- Vi støttar endringane av paragraf 8, bortsett frå setningane: "Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskte

skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring".

Praktiske konsekvensar ved ei lovendring

- KUD skriv (side 27) i høyringa at "Den føreslegne lovendringa vil kunne representere ei utfordring i arbeidet til kartprodusentar...". Men spelar ballen samtidig over til Kartverket ved å seie at "Det er samtidig opp til Kartverket og andre kartprodusentar sjølve å vurdere kva dei kartgeografiske løysingane blir". Det seier seg sjølv at kart med ulik skrivemåte av eitt og same namn er svært uheldig. Det kan føre til forvirring for brukarar av karttenestar og GPS. Det er òg grunn til å peike på at ein slik praksis ikkje er kjent i vår del av verda. Om lovendringsframlegget vert vedteke vil Noreg koma i ei særstode.
- Det svake kravet til dokumentasjon av tidlegare nytta bruksnamn i offentleg bruk kan føre til at ein vil få mange nye og svært avvikande skriftformer. Nye grunneigarar kan og føre til at namn vert bytte ut, og ein vil i det heile kunne få varierende skriftformer over tid.
- I vår tid bør det vera innlysande at det er best med éi skriftform av eitt og same namn. I praksis kan ulike skriftformer skape forvirring for redningsteneste, sjuke- og brannbil. I verste fall kan det handle om liv.
- Meir generelt vil ei lovendring føre til ei svekking av nedervd uttale og dermed ei utholing av verneomsynet ved lova.

Norsk namnelag ved leiar Frode Myrheim